

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 16.03.2016

Geir Kjell Andersland sette fram forslag om at møte i utval for kultur, idrett og regional utvikling i oktober blir flytta til Odda. Utvalet kan då vere med på opninga av Litteraturfestivalen i Odda.

Utvalseiar Beate Husa la fram forslag om å flytte 2-dagarsmøte på hausten frå september til oktober og kombinere Litteraturfestivalen i Odda med kommunebesøk i Hardanger. Datoane for møtet i oktober blir då flytta til 12. - 13.10.2016

Møte i utvalet i september blir eit 1-dags møte, 14.9.2016.

Utvalet slutta seg samla til desse forslaga.

Utvalseiar Beate Husa informerte om at Venneforeningen for Hordnesskogen ønskjer eit møte med utvalet i samband med plan til ny godsterminal i Bergensområde. Dette møte blir lagt til 7.4.2016.

Utvalseiar Beate Husa informerte om at ho og Kjell Håland hadde representert utvalet på eit møte 2.3.2016 der etablering av Campus Bergen vart diskutert med mange ulike aktørar.

Kst. direktør kultur og idrett Per Morten Ekerhovd informerte om planane for 2-dagars møte i april, 13. - 14.4.2016, i Bergen.

Kst. plansjef Eva Katrine Ritland Taule orienterte om at det truleg vil bli utnemnt nye styringsgrupper i fylkesutvalt for *Regional plan for transport i Bergensområde* og *Regional kystsonoplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*, og desse planane vil difor kome opp til politisk handsaming på seinare møte.